



BRUK KONSERTEN!

*Samspill,
opplevelse
og læring*

SONGTEKSTANALYSE

Å analysere tekstar kan gi oss betre forståing av kva tekstforfattaren ønskjer å seie oss. Ei slik forståing kan både inspirere oss og også gi oss konkrete verktøy og verkemiddel til vår eiga tekstskeping.

FAG Engelsk eller norsk, musikk og samfunnsfag

EMNE Analyse, skriftlig tekstproduksjon

MÅLGRUPPE 8. - 10. årstrinn

TIDSRAMME Modul 1 ca 2 timer
Modul 2 ca 1 time

RESSURSAR Hallelujah av Leonard Cohen, skrivesaker, papir, PC (bruk gjerne Google/Wikipedia på nett), CD/MP3-spiller

MÅL LK06

Eleven skal lese og tolke eksperimenterande og modernistiske tekstar og kunne bruke dei som utgangspunkt for eigen tekstproduksjon (kompetansemål i norsk, 10. årstrinn).

FRAMGANGSMÅTE

Ein av songane Paal Flaata og Gøran Grini framfører på konserten, er Leonard Cohens klassikar "Hallelujah". Dei fleste har høyrte songen, og dei fleste kan også nynne med og kan kanskje delar av teksten. Men kva handlar teksten eigentleg om? Veit vi eigentleg kva Leonard Cohen ønskjer å seie oss med denne teksten? Når skreiv Cohen songen? Ta for dykk denne songen, høyr han opp att og opp att, skriv teksten ned, set han kanskje om til norsk og analyser setning for setning kva som blir formidla. Følg dei to modulane nedanfor, og resultatet blir kanskje at de opplever denne songen på ein ny måte når de høyrer han på konserten. Og kanskje blir de interesserte i å analysere andre tekstar også? Her finst ingen grenser ...

Modul 1:

Elevane jobbar anten ein og ein eller i mindre grupper med utgangspunkt i "Hallelujah" av Leonard Cohen. Elevane skal lage ein skriftleg analyse av songteksten.

Modul 2:

Elevane høyrer på innspelinga av songen og jobbar vidare med å analysere sjølve musikken til songteksten. Kva versjon bruker de? Kva form har songen? Kva instrument blir nytta? Korleis er stemninga i songen? Korleis er klangen til songaren? Korleis er forholdet mellom tekst og musikk? Finn meir informasjon om artisten. Er songen eit typisk verk for artisten? Finst det gjennomgangstema i musikken? Uttrykkjer musikken det same som teksten, jobbar



BRUK KONSERTEN!

*Samspill,
opplevelse
og læring*

dei to elementa med den same stemninga, eller står tekst og musikk i kontrast til kvarandre? Elevane blir trena i det å dekode kunstverk og bruke eit språk for omarbeiding av kunstopplevingar, og trenar dermed dei estetiske ferdigheitene sine. Elevane blir kjende med element og verkemiddel for tekstskriving som kan overførast til eiga tekstskaaping. Elevane får kjennskap og eigarskap til musikaren eller artisten som kjem til skolen. Høyr på ei anna innspeling av den same songen med ein annan artist. Bruk for eksempel YouTube til å finne innspelingane. Analyser så skilnadene mellom innspelingane. Har dei den same musikalske tolkinga av teksten? Fortel dei den same historia? Kva versjon føretrakkjer elevane sjølve, og kvifor? Knyt arbeidet med songtekstanalysen til opplegget SPØK. Jobb vidare med å setje artisten eller songen inn i ein tidsmessig kontekst. Songtekstanalysen kan også setjast saman med modul to i Mine favorittsongar, der elevane kan jobbe vidare med å knyte bilete til songanalysen.

- KVIFOR**
- Elevane blir trena i det å dekode kunstverk og bruke eit språk for omarbeiding av kunstopplevingar, og trenar dermed dei estetiske ferdigheitene sine.
 - Elevane blir kjende med element og verkemiddel for tekstskriving som kan overførast til eiga tekstskaaping.
 - Elevane får kjennskap og eigarskap til musikaren eller artisten som kjem til skolen.

TIPS FOR VIDARE- FØRING

Høyr på ei anna innspeling av den same songen med ein annan artist. Bruk for eksempel YouTube til å finne innspelingane. Analyser så skilnadene mellom innspelingane. Har dei den same musikalske tolkinga av teksten? Fortel dei den same historia? Kva versjon føretrakkjer elevane sjølve, og kvifor? Knyt arbeidet med songtekstanalysen til opplegget SPØK. Jobb vidare med å setje artisten eller songen inn i ein tidsmessig kontekst. Songtekstanalysen kan også setjast saman med modul to i Mine favorittsongar, der elevane kan jobbe vidare med å knyte bilete til songanalysen.

www.rikskonsertene.no/brukkonserten

